

Innkalling til møte i generalforsamlinga Sogn Sparebank

Medlemane i generalforsamlinga, styret og revisjonen vert med dette kalla inn til møte i generalforsamlinga

Tid: Onsdag 15. april 2020, kl. 18.00

Stad: I banken på Årdalstangen og ved telefonkonferanseløysing

Adm. banksjef, ass. banksjef og sekretær for generalforsamlinga er òg innkalla til møtet. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Eventuelle forfall skal meldast til banken per e-post til kvi@sognbank.no

Særskilde forhold knytt til koronavirusepidemien

- 1) Møtet vil bli halde på ein måte der vi unngår smittefare, og i samsvar med myndighetene sine retningslinjer og pålegg. Det vil difor bli opna for elektronisk deltaking etter allmennaksjelova § 5–8 a. I praksis vil det bli sett opp ein telefonkonferanseløysing med trygg verifisering av deltakarane. Dei praktiske forholda rundt dette, vil det bli informert nærare om i rimeleg tid før generalforsamlinga.
- 2) Styret ynskjer å gjere generalforsamlinga merksam på at Finanstilsynet den 16. mars i år sende likelydande brev til alle bankar om disponering av overskot for 2019. Finanstilsynet påpeikar at rammene for verksemda til føretaka no er blitt vesentleg endra på kort tid, og at Finanstilsynet forventar at føretaka sine styre føreteke ei ny vurdering av overskotsdisponeringa for resultatåret 2019 med utgangspunkt i krisa og den økonomiske usikkerheita som no ligg føre.

Finanstilsynet forventar at styra om nødvendig legg fram nye forslag for føretaket si generalforsamling om utbytebetalningar og andre utdelingar. Finanstilsynet har sett frist til 23. mars for styra for å gi sine vurderingar til tilsynet. Styret i Sogn Sparebank har i styremøte 16. mars d.å. føreteke ei ny vurdering, og vedteke at utbytte og gåvetildeling vert uendra for 2019. Styret vurderer det slik at framlegget til utdeling av utbytte og gåver er lågt, samt at banken er godt kapitalisert med god margin til gjeldande kapitalkrav.

Dersom Finanstilsynet fattar vedtak om føreskrift som krev at bankar og forsikringsføretak inntil vidare ikkje betalar utbytte eller føreteke andre utdelingar av overskot for 2019, vil ovanfor disponering av overskotet i 2019 til utbytte og gåver bli halde tilbake.

Sakliste møte 01.2020 Generalforsamlinga i Sogn Sparebank

- | | |
|-------------|--|
| Sak 01.2020 | Opning
a) Namneopprop
b) Godkjenning av innkalling og sakliste |
| Sak 02.2020 | Val av møteleiar |
| Sak 03.2020 | Val av to til å underskriva møteprotokollen saman med leiar i generalforsamlinga og to til å vere teljekorps |
| Sak 04.2020 | Årsoppgjer for 2019
a) Rekneskapet 2019
b) Årsmelding frå styret 2019
c) Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019
d) Eigarskapsstyring og selskapsleiing
e) Revisjonsmelding 2019
f) Årsoppgjersdisposisjonar |
| Sak 05.2020 | Godtgjersle til revisor |
| Sak 06.2019 | Fullmakt kjøp av egne eigenkapitalbevis |
| Sak 07.2020 | Fullmakt eige egne eigenkapitalbevis |
| Sak 08.2020 | Endring av vedtekter |
| Sak 09.2020 | Valinstruks for valnemndene § 5-1 og § 5-2 |
| Sak 10.2020 | Val i samsvar med lover og vedtekter |

Forfall må meldast snarast til sekretær for generalforsamlinga Karin Vikane på e-post kvi@soqnbank.no eller telefon 90 18 36 49.

Årdalstangen 25.03.2020

Med helsing
SOGN SPAREBANK

Morten Kristiansen
Styreleiar

Mads A. Indrehus
Adm. banksjef

Sak 01.2020 Opning

Leiar i generalforsamlinga Kristine Grønner Ohnstad opna møte i generalforsamlinga og føreteck namneoppprop.

a) Namneoppprop

Desse møtte:

Framlegg til vedtak:

Namneopppropet synte at det var xx medlemmer av generalforsamlinga med stemmerett, x styremedlemar og banken sin eksterne revisor til stades i møtet. I tillegg deltok x frå banken sin administrasjon.

b) Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtet er innkalla etter i § 8-3 i finansføretakslova, og innkallinga vart sendt til medlemmane i generalforsamlinga og varamedlemmer den 25. mars 2020. I følgje banken sine vedtekter § 3-8, og lov om finansføretak og finanskonsern (finansføretakslova) skal generalforsamlinga i føretak som ikkje er organisert som aksjeselskap eller allmennaksjeselskap, innkallast av styret. I følgje banken sine vedtekter § 3-8 skal innkallinga med saksvedlegg skal sendast medlemmane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Innkallinga til medlemmane i generalforsamlinga er difor innanfor fristen som angitt ovanfor.

Framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga, og saklista vart samrøystes godkjend. Møtet vart lovleg sett.

Sak 02.2020 Val av møteleiar

Generalforsamlinga gjer framlegg om at leiar i generalforsamlinga Kristine Grønner Ohnstad vert vald til å leia møtet.

Framlegg til vedtak:

Leiar i generalforsamlinga, Kristine Grønner Ohnstad, vart vald til å leia møtet.

Sak 03.2020 **Val av to til å underskriva møteprotokollen saman med leiar i generalforsamlinga og to til å vera teljekorps**

Leiar i generalforsamlinga Kristine Grønner Ohnstad gjer framlegg om to personar til å underskrive protokollen saman med møteleiar, samt vere teljekorps.

Framlegg til vedtak:

X og Y vert valde til å underskrive møteprotokollen saman med møteleiar. Dei same personane vil òg vere teljekorps ved behov.

Sak 04.2020 **Årsoppgjer for 2019**

Saksvedlegg: Delårsrapport 4. kvartal 2019/førebels årsrekneskap 2019
<https://newsweb.oslobors.no/message/495498>

Alternative resultatmål (APM) 31.12.2019

a) Rekneskapet 2019

Adm. banksjef Mads A. Indrehus refererte hovudtala i rekneskapet og orienterte om drifta til banken. Han viste ei oversikt over den økonomiske utviklinga i banken.

b) Årsmelding frå styret 2019

Leiar i styret Morten Kristiansen refererte hovudpunkta i styret si årsmelding.

c) Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019

Leiar i styret Morten Kristiansen las opp stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019.

Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019

Me erklærer etter beste overtyding at årsrekneskapet 2019 er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar, og at opplysningane i rekneskapet gir eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Me erklærer òg at årsmeldinga gir ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til banken og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken sto overfor i 2019.

Årdalstangen den 24. mars 2020.

Morten Kristiansen (s.)
Styreleiar

Aune Tokvam (s.)

Olaa Vikøren (s.)

Siv Enerstvedt (s.)

Anne Maria Langeland (s.)

Anne Espeland (s.)

Håkon Seim Lyngø (s.)

Anette Anna Jensen (s.)
Tilsettere representant

Leidula Fjenden (s.)
Tilsettere representant

Adm. banksjef

Mads Arnfjær Indrehus (s.)

d) Eigarstyring og selskapsleiing

Saksvedlegg: Eigarstyring og selskapsleiing 2019.

Leiar i styret Morten Kristiansen la fram rapporten; Eigarstyring og selskapsleiing frå styret for 2019.

e) Revisjonsmelding 2018

Saksvedlegg: Revisjonsmelding 2019
<https://newsweb.oslobors.no/message/499522>

Revisjonsmeldinga var utsendt som sakstilfang, og vart lagt fram av ansvarleg revisor PwC, Jon Haugervåg.

f) Årsoppgjersdisposisjonar

Styret vil på generalforsamlinga 15.04.2020 tilrå generalforsamlinga å disponera årsresultatet 2019 som følgjer:

FORDELING OVERSKOT	2019
Driftsresultat før skatt	30.688
Skattekostnad	-2.544
Resultat etter skatt	28.144
Utvida resultat:	
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	2.684
Totalresultat for rekneskapsåret	30.828
Korrigert for resultatpostar ført direkte mot eigenkapital:	
Renter på fondsobligasjon	-2.234
Resultat til disposisjon	28.594
Disponeringar:	
Utbyte på eigenkapitalbevis	1.898
Overført til sparebankens fond	21.755
Overført til utjamningsfondet	2.074
Overført til fond for urealiserte gevinstar	2.684
Overført frå sparebankens fond	-1.919
Overført frå utjamningsfondet	-315
Overført til gåvefondet	2.417
Sum disponert	28.594

Denne disponeringa gir ei avsetning på kr. 2,78 pr. eigenkapitalbevis til utjamningsfondet. Styret vil tilrå generalforsamlinga å betala ut kr 3,00 i utbytte pr. eigenkapitalbevis for 2019.

Styret ber generalforsamlinga om fullmakt til å disponere og dele ut avsette gåvemidler 2,417 mill. kroner i samsvar med banken sine vedtekter § 6-1:

Gåver skal fordelast med 34,16 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,49 % innanfor Vik kommune og 39,35 % innanfor Aurland kommune. Dette skal ikkje vera til hinder for tildeling av inntil 30 % av at dei utdelte gåver til allmenntilgjeldende føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemd eller ynskjer å marknadsføre seg.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga handsama styret sitt framlegg til årsrekneskap med notar, styret si årsmelding for 2019 – morbank og konsern med hovudprinsipp for godtgjersle til leiande tilsette, og utgreiing om eigarstyring og selskapsleiing. Revisor si melding vart gjennomgått. Generalforsamlinga fastset morbanken og konsernet sitt resultatrekneskap og balanse for 2019 i samsvar med innstilling. Framlegg til disponering av årsresultatet for 2019 vert vedteke i samsvar med styret si tilråding.

Sak 05.2020 Godtgjersle til revisor

Det vart gjort greie for revisjonsordninga i 2019.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:
Honorar vert godkjent etter framlagd rekning.

Sak 06.2020 Fullmakt kjøp av egne egenkapitalbevis

Det låg føre innstilling frå styret om å gi styret fornya fullmakt til kjøp av egne egenkapitalbevis.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

1. Styret i Sogn Sparebank får fullmakt til, på vegne av selskapet, å kjøpe egne egenkapitalbevis for samla pålydande inntil NOK 6.325.000 som tilsvarar 10 % av den noverande egenkapitalbeviskapitalen.
2. Høgaste sum som kan betalast per egenkapitalbevis er NOK 125,-, minste NOK 50,-.
3. Kjøp og sal av egne egenkapitalbevis kan skje slik styret finn det føremålsteneleg. Kjøp skal skje over børs.
4. Fullmakta gjeld i 12 månadar rekna frå møte i generalforsamlinga den 15.april 2020.
5. Dersom egne eignekapitalbevis blir selde, gjeld fullmakta òg kjøp av egne egenkapitalbevis til erstatning for dei selde, så lenge summen av egne egenkapitalbevis ikkje overstig 10 % grensa.

Sak 07.2020 Fullmakt eige egne eigenkapitalbevis

Styret i Sogn Sparebank ber generalforsamlinga om fullmakt til å erverve egne eigenkapitalbevis.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga gir styret fullmakt til å erverve egne eigenkapitalbevis.

Fullmakta gir adgang til å erverve eigenkapitalbevis frå eigenkapitalbeviseigarane i Sogn Sparebank i ein fullmaktsperiode på to år frå generalforsamlinga si beslutning, det vil sei fram til 14. april 2022.

Fullmakta gir rett til å erverve eigenkapitalbevis med samla verdi på inntil NOK 2.500.000.

Det høgaste beløp som kan betalast pr. eigenkapitalbevis er NOK 110.

Det lågaste beløp som kan betalast pr. eigenkapitalbevis er NOK 85.

Styret stilles fritt med hensyn til på hvilke måter erverv og avhendelse av egne eigenkapitalbevis skal skje. Erverv og avhendelse av egne eigenkapitalbevis kan skje på den måten styret finner hensiktsmessig.

Vedtaket si gyldigheit er betinga av godkjenning frå Finanstilsynet.

Sak 08.2020 Endring av vedtektene

Det låg føre innstilling frå styret om å endre banken sine vedtekter § 3–8. Det gjeld:

§ 3-8 Innkalling til generalforsamling – nyt tidspunkt for generalforsamling

Blir endra frå ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år, til ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad kvart år.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

§ 3-8 Innkalling til generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad kvart år.
Generalforsamlinga vert kalla inn av styret.

Innkallinga med saksvedlegg skal sendast medlemane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Når dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga er gjort tilgjengeleg for medlemane på sparebanken sine internettsider, gjeld ikkje lova sine krav om at dokumenta skal sendast til medlemane av general-forsamlinga. Dette gjeld òg dokument som etter lov skal takast inn i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga. Eit medlem av general-forsamlinga kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

Sak 09.2020 Valinstruks for valnemndene i § 5-1 og § 5-2

Framlegg til valinstruks for valnemndene i § 5-1 og § 5-2 vert utsend seinare.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga vedtek framlagd valinstruks for valnemndene i § 5-1 og § 5-2 i Sogn Sparebank.

Sak 10.2020 Val i samsvar med lover og vedtekter

På generalforsamlinga skal det veljast:

I. LOKALE VALNEMNDER (§ 5-2)

i) LOKALVALNEMND OMRÅDE AURLAND

a) Medlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)

På val:	1 medlem for perioden 2020	(Kommunevald)
	1 medlem for perioden 2020-2021	(Kundevald)
	1 medlem for perioden 2020	(Tilsettevald)

b) Varamedlemer lokal valnemnd område Aurland (§5-2)

På val:	1. varamedlem for perioden 2020
	2. varamedlem for perioden 2020-2021

c) Innstilling 1 medlem til valnemnda i §5-1

På val:	1 medlem frå lokal valnemnd område Aurland
----------------	--

ii) LOKALVALNEMND OMRÅDE ÅRDAL/LÆRDAL

a) Medlemer lokal valnemnd område Årdal/Lærdal (§5-2)

På val:	1 medlemer for perioden 2020-2021	(Kommunevald)
	1 medlem for perioden 2020-2021	(Kundevald)
	1 medlem for perioden 2020	(Tilsettevald)

b) Varamedlemer lokal valnemnd område Årdal/Lærdal (§5-2)

På val:	1. varamedlem for perioden 2020
	2. varamedlem for perioden 2020-2021

c) Innstilling 1 medlem til valnemnda i §5-1

På val:	1 medlem frå lokal valnemnd område Årdal/Lærdal
----------------	---

iii) LOKALVALNEMND OMRÅDE VIK

a) Medlemer lokal valnemnd område Vik (§5-2)

På val: 1 medlem for perioden 2020-2021 (Kommunevald)
1 medlem for perioden 2020 (Kundevald)
1 medlem for perioden 2020-2021 (Tilsettevald)

b) Varamedlemer lokal valnemnd område Vik (§5-2)

På val: 1. varamedlem for perioden 2020
2. varamedlem for perioden 2020-2021

c) Innstilling 1 medlem til valnemnda i §5-1

På val: 1 medlem frå lokal valnemnd område Vik

II. VALNEMND (§ 5-1)

a) Medlemer valnemnda (§5-1)

På val: 2 medlemer for perioden 2020-2021 (Kommune-/kundevald)
1 medlem for perioden 2020 (Kommune-/kundevald)
1 medlemer for perioden 2020 (Eigenkapitalbevisegarvald)
1 medlem for perioden 2020 (Tilsettevald)

b) 1. varamedlem valnemnda (§5-1)

På val: 1 medlem for perioden 2020

Innstilling til valnemnda vert utsend seinare.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga fatta følgjande samrøystes vedtak:

Protokollen vart opplesen og samrøystes godkjend.

Årdalstangen den 15. april 2020.

Møtet slutt kl.

Kristine Grønner Ohnstad
Leiar i generalforsamlinga